

SONG: «Om eg berre kunne»

VERS 1

ALLE

Om eg berre kunne finne

AASEN

alle draumane eg treng

ALLE

Om eg berre kunne reise

AASEN

vekk frå bygdas blomstereng

ALLE

Om eg berre kunne få dei

AASEN

til å skjønne kva eg vil

ALLE

Om eg berre

AASEN

*kunne dra så ville eg nok få det til
så dei skjønner kva eg vil*

REFR

ALLE

*Så skal dei sjå
Sjå det eg gjer
Så skal dei få
Orda eg ber*

*Snart skal dei sjå
Snart skal dei få
Orda eg ber
Snart skal dei sjå*

VERS 2

SIVERT

*Om du berre kunne sjå at den du er er meir enn bra
Om du berre kunne kjenne at du har det du skal ha*

KOR og SIVERT

Om du berre kunne sjå det

SIVERT

eg kan sjå av deg og ditt

KOR og SIVERT

Om du berre

SIVERT

*kunne sjå at livet teiknast opp med kritt
Om du berre ser det litt*

REFR

ALLE

Så skal dei sjå

Sjå det du gjer

Så skal dei få

Orda du ber

Snart skal dei sjå

Snart skal dei få

Orda du ber

Snart skal dei sjå

VERS 3

BORNA

Om du berre kunne skjønne at du drøymer altfor stort.

Om du berre kunne skjønne at eit liv går altfor fort.

*Om du berre kunne skjønne at du heller skulle gjere
noko som var enkelt gjort*

VERS 2

SIVERT

Kan hende kan du verte noko større enn du trur?

Om du vågar halde fram og ikkje snur

*Med lite kan du klare mykje om du fer
Kanskje du finn deg eit ord for den kjensla her?*

*BRU 2
SIVERT*

*Om alle ser di kraft og vilje,
stilnar det ein lengsel slik at hjartet ditt blir tyst
Stemma i deg som du no kan høyre
syng så vakkert, dreg deg vekk frå der du bur*

KOR-HYMNE

*Ooo,
Reis deg opp du vesle nordmann, reis deg opp frå ur og myr
Reis deg opp du vesle nordmann, ein ny og vakker morgon gryr
Reis deg opp - folkets eigen lengsel måla fram med egne ord
Reis deg opp - høyr no alle stemmer, kvar ei syster, kvar ein bror*

VERS 3 (roleg)

*AASEN
Men om eg gjer no 'stort, som endar i det små
Ofrar alt for noko ingen vil forstå*

ANETTE

Dei seier: Du skal ikkje drøyme større enn du må

AASEN

Men om eg berre kunne få...

Eit ord

KOR

*Reis deg opp, du vesle nordmann
Reis deg opp frå ur og myr*

REFR

ALLE

*Så skal dei sjå
Sjå det eg gjer
Så skal dei få
Orda eg ber*

*Snart skal dei sjå
Snart skal dei få
Orda eg ber
Snart skal dei sjå*

KOR-HYMNE

Reis deg opp du vesle nordmann, ny og vakker morgon gryr

SONG: «Er det dette som er framtida?» 1

AASEN

VERS 1

*Er det slik det er å sjå si eiga framtid?
I eit stille rom, så langt i frå ein heim.
Kan eg klare dette, vert eg kanskje fri
Men, klarar eg å stå åleine?*

SONG: «Er det dette som er framtida?» 2

VERS 1 (AASEN OG BERTE)

*Er det slik det er å sjå si eiga framtid?
I blåe augo med ei røyst så mjuk
Er det slik ein veit kva livet sitt kan bli?
Når tanken sviv som var eg sjuk*

VERS 2 (AASEN)

*Er det slik ein skjønar det ein berre trudde?
Og kjenner att alt det ein drøymmer om?
Er det slik eg ser kor håpa mine budde?
I hennar vesle hjarterom*

REFR (AASEN)

*som regnet treffer bakken
eller sola rett i nakken
møter hjartet det det drøymmer om
er det kjensla av at framtida mi kom?*

VERS 3 (AASEN OG BERTE)

A: Er det slik å kjenne att sin eigen skugge?

B: Med snille augo og ei hand så blyg

A: Er det slik når hjartet opnar opp si glugge?

A og B: og vesle håpet veks seg stort og flyg

REFR (BERTE)

Som regnet treffer bakken

eller sola rett i nakken

møter hjartet det det drøymer om

REFR (AASEN)

Som regnet treffer bakken

eller sola rett i nakken

Krafta i ein vill og veldig flaum

Eit hjarte ser ein draum

KOR

som pennen

AASEN

treffer brevet

KOR

og vinden

BERTE

riv i revet

ALLE

alle kjensler i ei klynge

songar me skal synge

BEGGE

som innsida av handa

eller feber på panna

møter hjartet det det drøymer om

AASEN

er det kjensla av at framtida mi kom?

SONG: «Ikkje drit deg ut»

INTRO

THORESEN

*Så du tenkjer at ei jente er det du treng?
Eg formanar deg å vente, sov åleine i di seng.*

AASEN

Men, må eg ikkje ha ei å elske for å få eit skikkeleg liv?

THORESEN

*Berte er i jente under din stand!
Du må tenkje: Kva kan eg gjere for mitt land?
Seinare min ven, så finn du ei som kan*

AASEN (seier)

Kan hende er...

THORESEN (syng berre vidare)

Men, no? Nei, no skal du berre reise som ein mann

AASEN (seier)

Kan eg ikkje vente berre litt til?

VERS (THORESEN)

*Det er no livet ditt tar til
Det er no det skjer
Berre høyr no kva eg ber
Så langt har du berre sysla rundt med småting
No er det på tide at du kjem deg skikkeleg omkring*

Dra din veg!

Høyr på meg!

Ikkje gje deg hen til sut

(seier)

Ikkje drit deg ut!

REFR (THORESEN)

Ikkje drit deg ut!

I Guds namn, ikkje rot deg bort!

Ikkje drit deg ut! Ikkje gjer det gut, ikkje no

Hald deg på vegen mot no stort

(THORESEN OG ENSEMBLE)

*Ikkje drit deg ut!
I Guds namn, berre få det gjort
Ikkje drit deg ut!
Ikkje no, ikkje drit deg ut!*

VERS (THORESEN)

*Eg forstår kva du tenkjer no
Men forelskinga er berre tøv
Kjærleiken gjer tanken sløv
Eg kan love at denne jenta er ei hindring
At eg gjer det vanskeleg for deg no, er ei lindring*

*Dra din veg!
Høyr på meg!
Ikkje sutt på slik ein klut
Ikkje drit deg ut!*

BRU 1

THORESEN

*Du må ikkje gjere det
Berre fer i veg
Ikkje drite deg ut*

THORESEN og KOR

Ikkje drit deg ut

BRU 2

AASEN

*Bør eg la henne bli igjen?
Tenkje at ho er ein ven?
Du har rett - det kan bli mykje
Det e'kkje verdt alt dette bryet
Ein ting om gongen, det er smart
Eg tek det roleg, heilt til alt er klart
Så eg - ikkje drit meg ut.*

(Aasen)

Ikkje drit meg ut!

(Thoresen)

I Guds namn, ikkje rot deg bort!

(Aasen)

*Ikkje drit meg ut!
(Thorsen)
Ikkje gjer det gut,
(Aasen)
ikkje no.
(Begge)
Hugs på no må du tenkje stort.*

REFR

(THORESEN og KOR)

*Ikkje drit deg ut! I Guds namn, ikkje rot deg bort!
Ikkje drit deg ut! Ikkje gjer det gut, ikkje no
Hald deg på vegen mot no stort.*

(Alle)

*Ikkje drit deg ut! I Guds namn, berre få det gjort.
Ikkje drit deg ut! Ikkje gjer det gut, ikkje drit deg ut. Ikkje no.
Ikkje drit deg ut, ikkje drit deg ut, ikkje drit deg ut.*

THORESEN (seier)

Ikkje drit deg ut!

SONG: «Kor lenge skal ein vente då?»

BERTE

VERS 1

*Rypebær og Marisko,
åleine kvar for seg i kvart sitt blad
Pressa og i vakker ro
kven hugsar kor dei kom i frå?*

VERS 2

*Kvitveis, Kvann og Bekkeblom
Aldri meir få vise vegen fram
i mellom solskinsvêr og flaum
kring steinar og ein liten dam*

REFR (A)

*Kor lenge har dei stått i ro
for å ende opp i mellom ark med gravskrift i latin
Plukka av ei hand så god
Løfta opp frå rota si og aldri meire gro
Er dette målet dei vil nå?*

*Noko han vil spare på.
Kor lenge skal ein vente då?*

VERS 3

*Blåklokke og Løvetann
Strekker seg så godt dei berre kan
Blå og gul og blomstrande
stolt og rak og ventande*

REFR (B)

*Kor lenge må eg stå i ro
For å ligge mellom dynetrek med mønster i rosett
Få varma frå ei hand så god
Som fyller meg med liv og gjev meg evig sjelero
Det er målet eg vil nå
Noko han vil spare på.
Kor lenge skal ein vente då?*

REFR (B)

*Kor lenge må eg stå i ro
For å ligge mellom dynetrek med mønster i rosett
Få varma frå ei hand så god
Som fyller meg med liv og gjev meg evig sjelero
Det er målet eg vil nå
Noko han vil spare på.
Kor lenge skal ein vente då?*

SONG: «Vidare»

KORET

VERS 1

*Ein dag, ein natt og fleire til
Vegen tar deg dit du vil
Til ein stad der du kan finne hamn
Ein plass der du kan få eit namn
Store blomar kjem frå liten knopp
Byrjinga er langt frå siste stopp
Ingen kjem seg rett til høgste topp*

ALLE

REFR

Vidare.

Opp eller ned, hit eller dit

Men, vidare.

Det hjartet som stansar, det døyr!

Så vidare - alltid vidare

PRE-CHORUS

Kan eg kome inn?

Kan eg kome meg inn?

Kan eg kome meg...

REFR

Vidare.

Bort eller vekk, attende igjen

Men, vidare.

Det hjartet som stansar, det døyr!

Så vidare - alltid vidare

Berre halde fram vidare!

AASEN

VERS 2

Ei dør, eit glas og like bak;

Flotte stoler, bord og høge tak

Varme rom og diger stove med ein peis

Ei verd der ingenting går skeis

Eit hus der flotte, flinke rake bur

Kor alle elsker kunst og litteratur

Der dei veit kor hen dei skal og aldri snur

PRE-CHORUS

Kan eg kome inn?

Kan eg kome meg inn?

Kan eg kome meg...

BRU

Kva gjer eg her - eg må vidare

Kvifor står eg stille - eg må vidare

PRE-CHORUS

Kan eg kome inn?

Kan eg kome meg inn?

Kan eg kome meg...

Vidare!

Vidare.

Kjem eller dreg, står eller går

Men, vidare

Den tanken som stansar, den døyr

Så vidare - alltid vidare

Vidare!

Kryp eller gå, dra eller kom

Men, vidare.

Den draumen som stansar, den døyr!

Så vidare - alltid vidare

REFR

Vidare.

Opp eller ned, hit eller dit

Men, vidare.

Det hjartet som stansar, det døyr!

Så vidare - alltid

AASEN

BRO

Kva gjer eg her - eg må vidare

Kvifor står eg stille - eg må vidare

AASEN bankar på døra ein gong til.

DAME 4

Orsak, De må nesten gå. Greve har eit selskap han skal i.

AASEN

Åh? (døra går att framom han)

KORET

REFR

Vidare.

Bort eller heim, inn eller ut

Men, vidare.

Det håpet som stansar, det døyr!

Så vidare - alltid vidare

PRE-CHORUS

*Kva gjer du her - du må vidare
Kvifor står du stille - du må vidare
Vidare.
Vidare
Vidare*

SONG: «Eg klarer meg åleine»

VERS 1

AASEN:

*Når det end òg skjer no her i verda
er det berre ein ting ein kan gjera
Reise ut og ikkje sjå tilbake
Ikkje stanse, ikkje ver den svake
Halde fram, langt over myr og dam
Halde fram, og døyve sorg og skam*

REFR

AASEN

*Eg er den eine
Eg må klare meg åleine
Ein er nok*

(Med KOR)

*Eg er den eine
Eg må klare meg åleine
utan flokk
Ein er nok*

VERS 2

LARS HALVOR (KOR):

*For når skodda lettar langsmed vegen
skal du sjå den nye friske dagen
Ingenting du ser som held deg fast
Kjensler er jo berre tungvint last
Halde fram, med storslått brask og bram
Halde fram, sjå høgt og vere stram*

VERS 3

ANETTE (KOR):

*Dei seier du er stille og forsagt
Men, sjå no står du i ein stram «givakt!»
Med blikket festa høgt kjempar du deg vidare
Å reise er det same som å gløyme
Å håpe at eg finn no' nytt å drøyme*

BRU

KOR (syng)

*Att og fram er vegen like lang
Men kjennest ikkje slik der ute
Og mang ei reise, mang ein einsam gong
Låg du vaken på ei framand pute*

REFR

AASEN:

*Eg er den eine
Eg kan klare meg åleine
Ein er nok*

*Eg er den eine
Eg kan klare meg åleine
utan flokk
Ein er nok*

SONG «TOPPEN»

VERS 1 (ANETTE)

*Du er heilt på topp
Tenk at du kom opp
Vegen opp er bratt
bakken under glatt
For ei reise du har hatt*

*Her oppe kan du bu
det må du berre tru
Reisa di var lang
stien ganske trang
du snubla gang på gang*

REFR 1

Men, sjå

No er du ein kar dei trur på

Ein av dei verkeleg store

Ein av dei som kan klare

Alt dei vil, no er du Ivar Aasen.

VERS 2

Målet gjekk du mot

Sikkert fot for fot

Heilt på eigne bein

tråkka stein for stein

vant du ein og ein

PRE

No høyrer alle på

og alle vil forstå

dei tankane du har

REFR 2

Men, sjå

No er du ein kar dei trur på

Klarte alt du ville oppnå

Sjå, vår alles kjære Ivar Aasen.

REFR 3

Men, sjå

No er du ein kar dei trur på

Ein av dei verkeleg store

Ein av dei som kan klare

Alt dei vil, no er du Ivar Aasen.

SONG: «Her er ein heim du kan få»

VERS 1

Her er staden du kan kjenne deg varm og god

*Same kor du reiser, eller kor du vil bu
Same når du kjem, eller når du vil gå
Her er ein heim du kan få*

VERS 2

*Dei einaste damene her, er dei du ikkje bad
Same kven du likar, eller kven du vil ha
Same kva du vil høyre, eller kva du vil sjå
Her er ein heim du kan få*

BRO

*Ei kjensle av eit liv som er godt
D'er det du drøymmer om, det har du fått
Skuggen av livet som du kunne hatt
Som i staden for kvardag, vart ei einsleg natt*

VERS 3 var.

*Her er ei kjensle av nærleik som kanskje er sann
For kva enn du trur, eller kva du vil vere,
du er jo berre ein om gongen, berre ein mann
Same kva eller kor eller kven eller korleis,
kom hit og forstå
einsame menneske
Det finst ein heim du kan få*

SONG: «Nordmannen» (av Aasen)

(1875, modernisert rettskriving ved Ivar Grimstad og Terje Aarset)

*Mellom bakkar og berg utmed havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.*

*Han såg ut på dei steinute strender;
det var ingen som der hadde bygt.
"Lat oss rydja og byggja oss grender,
og so eiga me rudningen trygt."*

*Han såg ut på det bårute havet,
der var ruskut å leggja utpå;
men der leikade fisk nedi kavet,
og den leiken, den ville han sjå.*

*Fram på vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.*

*Og når liene grønka som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.*